



Anne Margrete Vangsnes og Lisbeth Teigen Røssland fekk mykje ros for leiinga av møtet

FAU og skuleleiinga skaut blink då dei engasjerte PMTO-instruktørane i kommunen Anne Margrte Vangsnes og Lisbeth Teigen Røssland til å snakke om grensesetting, Frammøtet var meget bra og møtet artet seg i stor grad som ein tildels svært munter dialog mellom ein pedagogisk dyktig duo og amfiet. Metoden som kjem frå Oregon i uSA og som har vist seg å verka godt i oppdragargjeringa vart på møtet ikkje berre illustrert med ord, men også med spenstig rollespel med lokale aktørar,

Her er eit stikkordmessig, begrensa utval av råda i PWTO:

- * Faste, trygge rammer for borna
- * Stoppe uønska adferd så tidleg som mogeleg
- * Ver rolig, men bestemt
- * Konsekvensane må vera klåre på førehand for borna
- * Sats på positiv involvering
- * Ha tid til å lytte til barnet
- * Ha berre nokre få reglar
- * Forventningane må vera rimelege og kontrollerbare
- * Det skal vera tilsyn med positivt forteikn
- * Foreldra skal ha oversikt over fråver
- * Ver tydeleg og bruk enkle ord
- * Unngå argumentering
- * Velg eit passande tidspunkt
- * Gje ein beskjed direkte

Ettretr møtet stilte uskedalen.no dette spørsmålet til dei to instruktørane:

- Kva er så genialt og nytt ved denne metoden som ikkje kan gå under vignetten 'gamalt, sunt bondevit'?

Svaret var dette:

- Det er ikkje noko genialt og nytt ved sjølve metoden, men den er gjort matnyttig, satt i system og bygd over ein spesiell lest.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen